



Sortert avfall
gir verdi!

Sorterer du?

Miljøstasjonen er open

Måndag	kl. 08.00 - 15.30
Tysdag	kl. 11.00 - 19.00
Onsdag-fredag	kl. 08.00 - 15.30

Laurdagsope gjeld frå 1. mars til 31. oktober,
med unntak av juli månad.

Laurdag	kl. 09.00 - 12.00
---------	-------------------



Hytter &
fritidshus

Ved kontainerane

Hald det ryddig. Forlat området slik du sjølv ønskjer det skal sjå ut når
du kjem for å levere neste gong.

Full kontainer? Send sms eller
ring til vakt-tlf 915 84 095 og
legg igjen beskjed.



Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS
Torvmyrane 29, 6160 Hovdebygda
Telefon: 70 04 86 00
firmapost@vor.no

Besøk oss på Facebook
[vor.no](https://www.facebook.com/vor.no)

Foto: iStock, VØR, Google maps



Det er viktig å tenke miljø – også når du er på hytta!

Til deg med fritidsbustad

Det er omlag 1100 fritidsbustadar i Volda og Ørsta og VØR ønskjer å gi desse eit renovasjonstilbod, både for å unngå forureining og gjere det lettare å kvitte seg med avfallet på ein trygg måte.

VØR har prøvd å lage til gode løysingar slik at du vert kvitt avfallet frå opphaldet i fritidsbustaden. Hovudregelen er at avfallet skal leverast til samlekontainerar som er sette ut i nærleiken eller på stadar vi trur du passerer på veg heim.

Gjer deg kjend med det som er aktuelt for deg på vor.no.

Har du grovt avfall oppmodar vi deg om å besøke miljøstasjonen i Hovdebygda for levering av dette og særskilde typar avfall.

Hugs å levere farleg avfall på miljøstasjonen i Hovdebygda! Sjå kart på neste side.



Ofte på fritidsbustaden

Eigen avfallsbeholdarar for matavfall, restavfall, papir/papp/plast og glas- og metallemballasje

Enkelte ønskjer ei teneste av høgare kvalitet, då dei nyttar fritidsbustaden ofte. Dei betaler ekstra for å få eigne beholdarar for avfallet. Det er knytt vilkår til dette. Ta kontakt med VØR om dette kan vere ei ordning for deg.

Sjå prislister og oversikt over hentedagar på vor.no



Bruk miljøstasjonen – du kan levere

Kvitevarer
Hageavfall
Isopor
Asbest
Metall
Reint trevirke
Farleg avfall
Tekstilar
Restavfall

Glas- og metallemballasje
Elektrisk / elektronisk avfall
PCB/klorparafinvindauger
Dekk med / utan felg
Impregnert trevirke
Gips og isolasjon
Kreosotstolpar
Uorganisk materiale
(t.d. porselen, fliser og lecablokker)

Prisar på levering
av avfall finn du
på vor.no